

Grunneigarar på Boge
Gnr 13 Bnr 2, 3 og 6
Gnr 12 Bnr 1, 4 og 11

Boge den 17.03.2015

Til: Nve
Vaksdal kommune

Vedrørende konsesjonssak "Boge 3" i Vaksdal kommune

Vi viser til høringsbrev av 15.01.2015.
Dykkar referanse 201300315-4

Eit fleirtal av grunneigarar på Boge gir med dette ei første fråsegn til søknad om konsesjon til "Boge 3".

Bogekraft ved Anders Vaksdal har utforma søknad om konsesjon til "Boge 3". Bogekraft *pretenderer* å ha rett til å rå over vassressursen i området etter leigeavtale med Vaksdal kommune og Grøn kraft.

Det har ikkje vore *nokon form for formell kontakt* mellom Vaksdal kommune eller Bogekraft og grunneigarar på Boge knytt til Boge 3.

Grunneigarar til Gnr 13 Bnr 2, 3 og 6 og Gnr 12 Bnr 1, 4 og 11 er innstilt på å koma i dialog med kommunen og Bogekraft for å finna minnelege løysingar ved ei eventuell realisering av "Boge 3".

Grunneigar til Gnr 13 Bnr 4 stiller seg negativ til eikvar vidare utbyggjing eller endring av dei gjennomførte naturinngrepa i området.

Auka vassføring i Bogeelva

Endring av demninga knytt til byggjing av Boge 2, forsterkning av demning samt senking av normalvannstand i Bogavatnet har ført til auka skadepotensial. Vi forstår det slik at forsterkninga av demninga og senking av vannstand er gjort etter pålegg frå Nve.

Etter at dette vart gjort er vassføringa i Bogeelva vorten større ved flaum.

"Boge 3" medfører at vatn som i dag følgjer Vaksdalsvassdraget frå Svartavatnet, vert flytta til Bogeelva. Det aukar skadepotensialet langs elva ytterlegare ved flaum. Nve må greia ut om dette er forsvarleg.

Vassføring i Fossadalen

"Boge 3" vil nytta fall frå Krosstjødnane og Svartavatnet til Bogavatnet gjennom tunnel. Det vil påverka vassføringa gjennom Fossadalen frå Krosstjødnane til Bogavatnet. Vi er opptekne av at ein vidarefører noko vassføring gjennom dalen. Vassmengda som er nemnd i søknaden er etter vårt syn noko knapp.

Området har verdi som beitemark og for friluftsliv.

Vassføringa gjennom Fossadalen har ein estetisk verdi, særleg der elva i dag fell som foss ned i Bogavatnet

Kraftline

Vi merkar oss at ny kraftline frå planlagd kraftstasjon til dagens line er tenkt lagt nedgraven i marka. Det meiner vi er ein svært viktig føresetnad for eventuell konsesjon.

Utforming av kraftstasjon Boge 3

Vi merkar oss at kraftstasjon er tenkt bygd med fasade i tråd med "lokal byggjeskikk". Vi meiner det er ein viktig føresetnad for eventuell konsesjon at kraftstasjonen får ein fasade der bruk av naturlege materialar dominerer, slik at bygget vert lite synleg.

Tilkomst/veg mellom demninga til Bogavatnet og Boge 3

Veg til ny kraftstasjon er planlagd lagt i Bogavatnet under normal vannstand. Slik vil vegen ikkje verta til noko nytte for andre enn Boge kraft. Dette fordi Boge kraft vil kunna regulera vassnivået ved framtidig behov for bruk av vegen. Vi er ikkje utan vidare positive til måten vegen er tenkt lagt. Vi ønskjer vegen lagt omlag 1 m over normalvannstand. Normalvannstand i vatnet er redusert i samband med utbetring av demninga. Strandlina slik den er i dag, eignar seg for framføring av ein veg som kan koma til nytte for alle med grunneigedom i området.

I nærområdet finn ein også eigna terreng for framtidig hyttebyggjing.

Vegen vil kunne gi betra tilkomst til skog i området.

Støy

Vi bed om at det vert sett vilkår om støyskjerming. Erfaringa vår frå Boge 1 og Boge 2 er at det er naudsynt med vilkår om støyskjerming ved eventuell Boge 3. Det er hytter i området, nokså nær opp til planlagd ny kraftstasjon, som kan verte utsett for sjenerande støy.

I nærområdet finn ein også eigna terreng for framtidig hyttebyggjing, som også kan bli utsett for sjenerande støy.

Vi bed derfor om at det vert sett klare vilkår om støyskjerming.

Tilkomst/veg mellom Ortangen og Bogavatnet

I samband med utbetring av demning til Bogavatnet og framføring av vassrøyr til Boge 2 vart det gjort avtale mellom grunneigarane på Boge (både gnr 12 og 13), Vaksdal kommune og Boge kraft om veg til demninga like til vatnet – 466 moh. Grunneigarane gav ferdslereitt over grunn mot at veg skulle byggjast. Partsforholdet er at kommunen og Boge kraft skal ha vegrett, rett til framføring av vatn til Boge 2 og skal ta kostnaden ved å byggja vegen og vedlikehalda den, medan grunneigarane gav råderett over grunnen til det nemnde formålet.

Avtale om veg til Bogavatnet er ikkje etterlevd. Vi viser til strekkja mellom Ortangen (der vegen kryssar Bogeelva) og Bogavatnet. På denne strekkja er det ikkje bygd veg enno.

Omgrepet "veg" er nytta i vedtak/innstilling til vedtak frå kommunen om dispensasjon etter Plan- og bygningslova §7. Vi viser til sak 0054/07. Vedtak datert 28.03.07 handsama av formannskapet/plan og økonomiutvalet i møte 25.06.07 sak 0054/07. Der står det (sitat): *"I medhald av §7 i plan og bygningslova vert det gjeve dispensasjon frå arealdel i kommuneplanen. Dispensasjonen gjeld for forlenging av veg og røyrframføring opp til Bogevatn i fellesutmark for gnr 12, og slik dette er skildra på vedlagt kartutsnitt."*

Det er ikkje bygd veg i samsvar med føresetnadane for kommunen sitt vedtak og føresetnadane for grunneigarane si medverknad til Boge 2.

Sett frå vår side er realisasjon av avtalen eit krav knytt til allereie gjeven konsesjon til Boge 2 og vil også vera det for Boge 3.

Grunnavhending knytt til Boge 3

Grunneigedom i området ligg til Gnr 13 sameige Indre Boge.

Kraftstasjonsanlegget Boge 3 krev grunnnavhending. *Om og på kva vilkår* dette kan skje har korkje kommunen eller Boge kraft teke opp med grunneigarar. Veg til Bogavatnet i samsvar med kommunen sitt eige vedtak og etter avtalen med grunneigarane er eit vilkår.

Massetransport og - plassering

Tunnell frå Svartavatn til Bogavatn fører til at det er behov for massetransport og plassering. Vi kan ikkje sjå at dette er gjort greie for i søknaden. Masseplassering i området er – som alle andre forhold kring Boge 3 - ikkje drøfta med oss.


Reguleringsplan for området rundt Bogavatnet

Arealutnyttinga rundt Bogavatnet bør sjåast i eit vidare perspektiv enn kva som er tenleg for kommunen og Boge kraft "her og no". Bogavatnet er i dag drikkevasskjelde for Vaksdalsbygda, noko som naturlegvis inntil vidare legg band på utnyttinga av areal til tomteland. I nær framtid vil kommunen henta drikkevatn annan stad.


Vi meiner det er tenleg for alle partar at det vert utarbeidd ein reguleringsplan for området, før Boge 3 kan realiserast.

Beste helsing



Gudrun Boge Karlsen (13/2)


Erling Steinsbø (13/3)


Borgny Boge (13/4)


Anfred Bruvik (13/6)


Anders Boge (12/1)


Knut Olsnes (12/4)


Karl Boge (12/11)

